



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
29.02.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/2759
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland

Endringar i tilskotsordning - Kompetansemidlar til kommunar og barnehagar 2016

Fylkesmannen orienterer med dette kommunane om ei omlegging av dei statlege kompetansemidlane til barnehagesektoren for 2016. Endringa fører til at kommunen som barnehagemynde ikkje kan søkje kompetansemidlar i 2016 basert på kommunen sin opplæringsplan. Midlane skal gå til *barnehagebaserte* kompetanseutviklingstiltak innanfor nasjonalt prioriterte område. Kommunale og private eigarar kan søkje til Fylkesmannen via barnehagemyndigheten i kommunane.

Fylkesmannen i Hordaland tildeler på vegne av utdanningsdirektoratet kr 5 460 000 til formålet. I tillegg er det løyvd etterutdanningsmidlar som skal utbetalast direkte til private eigarar som søker for fleire barnehagar på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Målet er å heve kompetansen til personalet i barnehagane i tråd med formålet til barnehagelova og rammeplan for oppgåvene og innhaldet i barnehagen.

Utlysing av prosjektmidlane og informasjon om søknadsprosessen kjem i eige brev.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.